

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 056, TI - &85	15/1077

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
44/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Felles IKT-strategi

Vedlegg:

Felles IKT Strategi 2015-2018

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Felles IKT-strategi 2015-2018 for kommunane i det interkommunale IKT-samarbeidet i Nordhordland vert med dette lagt fram for politisk handsaming.

IKT-strategien gjer greie for dei viktigaste prioriteringane, måla og satsingsområda for åra 2015 til 2018. Sjølve strategiane er på overordna nivå og skal følgjast opp av ein meir detaljert tiltaksplan. Tiltaksplanen skal sei noko om korleis strategien skal setjast ut i livet.

Visjonane frå tidlegare strategiperiodar vert vidareførte i visjonen for denne strategiperioden. Vi skal legge til rette for felles tenesteyting og samarbeid om ressursbruk.

Erfaring frå tidlegare strategiar har synt at det er naudsynt med politisk forankring av Ikt-strategien.

Vurdering

Sidan IKT-samarbeidet i Nordhordland vart oppretta i 2011 har vi oppnådd mykje positivt. Sjølv om vi har kome ganske langt i arbeidet med å digitalisere forvaltninga er det likevel mykje som står att. Vi treng difor offensive målsetjingar og tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre prosjekt, som på sikt fører til meir effektiv forvaltning og reduserte kostnader.

Måla vi har i vårt framlegg til strategi byggjer på måla i digital agenda for Norge. Nokon vil synast dei er ambisiøse, menden andre kanskje meiner vi bør ta mål av oss til å kome enda lengre i perioden. Kommunane i IKT-samarbeidet er ulike og har i ulik grad ressursar til å utvikle og gjennomføre den organisasjonsutviklinga IKT-utviklinga krev.

Strategien skal vere noko å strekkje seg etter, men samstunden må den vere realistisk. Vi meiner at det framlegget som no vert lagt fram til politisk forankring stettar desse krava.

Strategien seier noko om at digital dialog skal vere hovudsatsinga vår. Vidare nemne den utvikling på prioriterte tenesteområder. Det betyr ikkje at det ikkje kan jobbast med område som ikkje konkret er

nemnd, men dei områda som er nemnd skal ha særskild fokus.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Felles IKT-strategi er eit godt grunnlag for å vidareutvikle kommune-organisasjonane og dei digitale løysingane vi i dag har. Det er eit stort potensiale i å utnytte dei systema vi har betre, samt implementere nye løysingar som ei vidareutvikling av dagens løysingar.

Mange ser på digital kommunikasjon som ein sjølvfølgje i dag, og kommunane må henge med i utviklinga. Men digital kommunikasjon byr også på utfordringar. Vi har eit stort ansvar for å sikre at dei løysingane vi nyttar, og dei rutinane vi etablerer er trygge og sikrar både vern av sensitive personopplysningar, teieplikt og informasjonstryggleik. Vi må sikre arkivrutinar og trygg dokumenthandtering.

Sjølv om vi har eit IKT samarbeid som fungerer svært godt, er ikt-tryggleik den einskilde kommune sitt ansvar. Vi må sjølve syte for at vi har naudsynt kompetanse og gode nok rutinar på dette.

Felles IKT-strategi kan hjelpe oss å setje lkt utvikling på dagsorden, men jobben med å implementere dette i organisasjonane kviler på den einskilde kommune. Det at vi løftar saman gjer likevel at vi kan kome litt lenger enn om vi kvar for oss skulle hatt ansvar for å fonye og levere digitale tenester som gir innbyggjarar og næringsliv eit reelt digitalt førsteval.

Framlegg til vedtak:

Felles IKT-staregi for 2015 – 2018 vert vedteken som Meland kommune sin IKT-strategi for denne perioden.

Formannskapet - 44/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Felles IKT-staregi for 2015 – 2018 vert vedteken som Meland kommune sin IKT-strategi for denne perioden.

